

Årsmelding og årsrekneskap 2016



Frå «Namnet» av Jon Fosse, Nils Golberg Mulvik og Irene Waage. Foto: Odd Mehus

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2016

Ein viktig kulturinstitusjon for Hordaland og resten av Vestlandet

Hordaland Teater sin hovudambisjon er at alle produksjonar skal halde ein høg kunstnarisk kvalitet. Vi skal vere ein viktig kulturinstitusjon i heile fylket, og har eit særskilt ansvar for å utvikle teater for barn og unge. Alle produksjonar skal spelast på dialekt og nynorsk. Teateret overtok Logen i Bergen sentrum 1. januar 2016. I Logen skal det spelast teater både for barn og vaksne, og vi har ein klar ambisjon om å nå eit stort vakse publikum med produksjonane vi presenterer der. Selskapet vert leia frå kontor på Stend i Bergen kommune.

Sentrale strategiar i 2016 for å nå dei kunstnarlege ambisjonane har vore:

- 1) «Tradisjon og fornying» - Arbeid med objektteater og utvikling av ny norsk dramatik har lange tradisjonar ved teateret. Det er vidareført saman med utforsking av teaterkunsten, både i form og innhald.
- 2) «Samarbeid» - Teateret har søkt samarbeid i regionen (t.d. Den kulturelle skulesekken (DKS), Fyllingsdalen Teater, Den Nationale Scene, Skrivekunstakademiet, Vestlandske Teatersenter) og i resten av landet (t.d. Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret). Det gjev oss verdifull kompetanse og auka tilgang på ressursar.
- 3) «Turné og fast scene» - Hordaland Teater skal turnere mange av framsyningane, og særleg dei som er retta mot barn og unge. Stykka med det største kommersielle potensialet vart prioritert spelt mest på Logen.
- 4) «Ny norsk og nynorsk» - Vi har arbeidd for å få fram ny dramatik skriven på nynorsk.

I 2016 har vi spelt fem framsyningar retta mot barn og unge som har turnert i Hordaland, og dels på resten av Vestlandet. Den første var *Små Døde Dyr*, basert på boka *Alla små döda djur* av den svenske forfattaren Ulf Nilsson, som vart spelt i ein kort periode i 2015 med planlagd gjenopptak for DKS Bergen i januar 2016. I februar og mars har teateret spelt *Rekneprinsen* av Vestlandsforfattaren Erna Osland. Dette var ei nydramatisering av dette fine barne- og ungdomstykket med Otto Homlung som regissør. Monologen *Berre ein spøk*, eit stykke av Malin Lindroth som handlar om gjengar, usikkerheit og overgrep, vart spelt på Ivar Aasen - tunet. Endeleg har vi spelt *Dei fire årstidene* som er basert på Vivaldi sin musikk for den kulturelle spaserstokken i Bergen, samt turnert heile fylket med figurteateret *Egget*. Dei to siste framsyningane er begge med vår eigen figur- og dokkespelar Ljudmil Nikolov.

Hordaland Teater har sett det som ei viktig oppgåve å spele Jon Fosse sine stykke, gjerne i ei ny og uventa samanheng. Med bakgrunn i dette var *Namnet* sett opp med ein relativ stor og utradisjonell scenografi. Skodespelaren Randolph Walderhaug fekk her ei av sine største oppgåver som fersk instruktør, ei oppgåve som vart løyst på ein svært god måte. Endeleg avslutta teateret sesongen – i tråd med det som står ovanfor, med klassikaren *Singel & Sand*, i ei ny og endra oppsetjing av Arvid Ones og Claus Sellevoll. Denne gongen med tilleggstittellen *Da ska bli andre boller...* Stykket vart ein publikumssuksess med meir enn 9.000 tilskodarar i dei fem vekene det vart spelt.

Samarbeid med andre teater og andre samarbeidspartnarar

Vinteren 2016 samarbeidde Hordaland Teater med Bergen Live og HiHat om *Lampefeber*, jubileumsframsyninga til Helge Jordal. Vidare hadde vi på våren avtale med Sogn og Fjordane Teater om å vise stykka *Så vakker du er* og *Vildanden* som gjestespel på Logen.

Hordaland Teater samarbeidde vidare med Den kulturelle skulesekken – Hordaland og Bergen om *Rekneprinsen* som vart kjøpt inn og spelt for skuleelevar på turne og i Bergen vårsesongen 2016. Vi inngjekk og eit samarbeid med Stagemway Teater for marknadsføringa av *Singel & Sand – da ska bli andre boller*.

Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen har lenge hatt eit samarbeid med teatermiljøa i Ungarn. Hordaland Teater har deltatt i planlegginga av, og vil sette av ressursar til å gjennomføre ein turné til Ungarn i 2017.

Nytt teaterhus

Hausten 2015 vart det klart at teateret skulle flytte verksemda si til Bergen sentrum og 1. januar 2016 tok teateret over leigekontrakten for Logen. I høve til den finansielle planen for utbygging av Logen manglar det framleis 1 million kroner frå Staten. Hordaland Fylkeskommune har følgd opp sin del av denne planen. I løpet av sommaren 2016 vart det utlyst arkitektkonkurranse for byggesøknad påbygg om ombygging av Logen i tråd med planane. Arkitektgruppa Fortunen, i samarbeid med arkitektane i 3RW vann anbodet, og ein tar sikte på å sende inn full byggesøknad våren 2017.

Hordaland teater nyttar no Logen for sine framsyningar i Bergen sentrum, og dette har vore ein suksess i 2016 når det gjeld tilstrøyming frå publikum.

Organisasjon og medarbeidarar

Hordaland Teater starta 2016 med ny teatersjef som skapte stort engasjement hjå dei tilsette. Uklarheiter i styringsmodellen utvikla seg til ein konflikt av ein slik art at det måtte hentast inn juridisk kompetanse. Dette har ført med seg auka kostnader til juridisk bistand. Nye stillingsinstruksar vart vedteke av styret i juni. Etter ei tid valde teatersjefen å trekkje seg frå stillinga og det vart utarbeidd ein sluttavtale der teatersjefen vart løyst frå arbeidsrett og -plikt fram til endeleg opphøyr av tilsettinga 31. desember. Styreleiar valde og å trekke seg per august.

I omfram generalforsamling 7. oktober vart Pål W. Lorentzen vald til ny styreleiar for resten av perioden fram til 2020. Det vart og vald eit nytt styremedlem. Det nye styret starta straks arbeidet med tilsetting av ny teatersjef, og per 31. desember vart Solrun Toft Iversen tilsett. Ho startar for fullt i stillinga i april/mai 2017. Direktør Atle Marøen fungerer som dagleg leiar ved teateret til ny teatersjef tiltrer.

I urolege tider hender det at ein ser aukande sjukefråvær. Teateret har hatt noko langtidsfråvær, men korttidsfråværet har vore mindre enn tidlegare år. Det totale sjukefråværet gjekk opp frå 8,2% i 2015 til 10,6% i 2016. Ser ein bort frå langtidsjukefråvær meir enn 8 veker, er sjukefråværet 1,4%, ein nedgang frå 3,5% året før. Det er ikkje meldt skader i løpet av året som har ført til fråvær eller som trong behandling. Styret har arbeidd med klargjering av roller og har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Flyttinga til Logen i Bergen sentrum og arbeidet med å utvikle

Hordaland Teater i samsvar med eigaranes ønskje, vil krevje stort fokus på leing, organisasjon og helse, miljø og sikkerheit framover.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna i høve til leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av tre kvinner og to menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn.

Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2016. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Hordaland Teater har hatt i 2016 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi

Hordaland Teater hadde eit godt publikumsår i 2016 med 23.742 publikummare fordelt på 156 framsyningar. Tala for 2015 var tilsvarande 15.066 på 186 framsyningar. Totale tilskott i 2016, etter auke til Logenprosjektet, er kr. 20 303 538. Styret i Hordaland Teater har vedteke å trekkja dei auka tildelingane i til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og balanseført midlane som langsiktig gjeld i balansen (2 499 538). Resten av tilskottet på kr. 17 804 000 er inntektsført i resultatrekneskapen. Med sterk auke i egne inntekter frå framsyningar, samt utleigeinntekter vart driftsinntektene i 2016 kr. 23 005 856 (17 828 027). Kostnadssida vart tilsvarande auka til kr. 21 780 490 (16 609 681). Leige og drift av Logen Teater utgjør ein stor del av denne kostnadsauken.

Det er totalt investert kr 4 015 463 i anleggsmiddel i 2016, av dette utgjør kr 2 315 463 inventar og utstyr og kr 1 700 000 i kjøpt goodwill ved overtaking av eksisterande verksemd i Logen.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjør kr 4 203 113 pr. 31.12.2016. Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten og det er tilstrekkelege midlar til å dekkja forpliktingar ved forfall.

Inklusive finansinntekter enda teateret opp med eit overskott på kr 1 288 083.

Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2016 til etterretning. Styret rår til at overskotet vert nytta til å styrke eigenkapitalen som då aukar frå kr. 1 902 677 til kr. 3 190 060. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd.

BERGEN, DEN 31.12.16/01.03.17

STYRET FOR HORDALAND TEATER LL



PÅL W. LORENTZEN
STYRELEIAR



NATALIA GOLIS
STYREMEDLEM



Frøydis Flotve
FRØYDIS FLOTVE
STYREMEDLEM



ALEXANDER FOSSE ANDERSEN
STYREMEDLEM



FABIAN FRANK DEN OTTER
STYREMEDLEM



RAGNHILD STOLT-NIELSEN
STYREMEDLEM



ATLE MARØEN
DIREKTØR/FUNGERANDE
DAGLEG LEIAR

Hordaland Teater LL

Resultatregneskap

| | Note | 2016 | 2015 |
|---|-----------|-------------------------|-------------------------|
| Driftsresultat | | | |
| Eigne inntekter | | 4 848 440 | 1 214 892 |
| Tilskot | 17 | 17 804 000 | 16 431 000 |
| Anna driftsinntekt | | 353 416 | 182 135 |
| Sum driftsinntekter | | <u>23 005 856</u> | <u>17 828 027</u> |
| Driftskostnader | | | |
| Prosjektkostnad | 4 | 3 192 151 | 3 126 752 |
| Lønnskostnad | 3, 18 | 12 742 438 | 10 979 328 |
| Avskrivning | 5, 6 | 1 029 747 | 494 498 |
| Annan driftskostnad | 3 | 4 816 154 | 2 009 102 |
| Sum driftskostnader | | <u>21 780 490</u> | <u>16 609 680</u> |
| Driftsresultat | | <u>1 225 366</u> | <u>1 218 347</u> |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna finansinntekt | | 62 853 | 42 218 |
| Annan finanskostnad | | 136 | 1 591 |
| Netto finans | | <u>62 717</u> | <u>40 627</u> |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | <u>1 288 083</u> | <u>1 258 974</u> |
| Årsresultat | 15 | <u>1 288 083</u> | <u>1 258 974</u> |
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Overføring til/frå annan eige kapital | | <u>1 288 083</u> | <u>1 258 974</u> |

Hordaland Teater LL

Balanse pr. 31. desember


| | Note | 2016 | 2015 |
|--|------|-------------------|------------------|
| Anleggsmidler | | | |
| <i>Immaterielle egedelar</i> | | | |
| Goodwill | 5 | 1 133 000 | 0 |
| Sum immaterielle egedelar | | <u>1 133 000</u> | <u>0</u> |
| <i>Varige driftsmiddel</i> | | | |
| Anlegg under utførelse | 6 | 1 193 213 | 0 |
| Driftslausøyre, inventar, kontormaskinar og liknande | 6 | 1 788 713 | 1 129 209 |
| Sum varige driftsmiddel | | <u>2 981 926</u> | <u>1 129 209</u> |
| <i>Finansielle anleggsmidler</i> | | | |
| Investeringar i lutar | 7 | 25 000 | 25 000 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | <u>25 000</u> | <u>25 000</u> |
| Sum anleggsmiddel | | <u>4 139 926</u> | <u>1 154 209</u> |
| Omløpsmidlar | | | |
| <i>Krav</i> | | | |
| Kundekrav | | 2 540 671 | 51 640 |
| Andre krav | 12 | 489 096 | 731 009 |
| Sum krav | | <u>3 029 767</u> | <u>782 649</u> |
| <i>Investeringar</i> | | | |
| Andre lutar | 7 | 23 265 | 23 265 |
| Sum investeringar | | <u>23 265</u> | <u>23 265</u> |
| Bankinnskudd, kontanter og liknande | 2 | 4 763 375 | 3 775 372 |
| Sum omløpsmidlar | | <u>7 816 407</u> | <u>4 581 286</u> |
| Sum egedelar | | <u>11 956 333</u> | <u>5 735 495</u> |

Hordaland Teater LL


Balanse pr. 31. desember

| | Note | 2016 | 2015 |
|--------------------------------|--------|------------|-----------|
| Eigenkapital | | | |
| <i>Innskoten eigenkapital</i> | | | |
| Aksjekapital | 15, 16 | 100 000 | 100 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 100 000 | 100 000 |
| <i>Opptent eigenkapital</i> | | | |
| Annan eigenkapital | 15 | 3 090 760 | 1 802 677 |
| Sum opptent eigenkapital | | 3 090 760 | 1 802 677 |
| Sum eigenkapital | | 3 190 060 | 1 902 677 |
| Gjeld | | | |
| <i>Avsetjingar for plikter</i> | | | |
| Pensjonsplikter | 3 | 38 661 | 0 |
| Andre avsetjingar for plikter | 11 | 3 690 117 | 0 |
| Sum avsetjingar til plikter | | 3 728 778 | 0 |
| <i>Anna langsiktig gjeld</i> | | | |
| Øvrig langsiktig gjeld | | 1 320 000 | 0 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | 1 320 000 | 0 |
| <i>Kortsiktig gjeld</i> | | | |
| Leverandørgjeld | | 875 734 | 183 190 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 1 031 982 | 900 934 |
| Anna kortsiktig gjeld | 13 | 1 809 079 | 2 748 694 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 3 716 795 | 3 832 818 |
| Sum gjeld | | 8 765 573 | 3 832 818 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 11 956 333 | 5 735 495 |

31. desember 2016
Bergen, 1. mars 2017


PÅL W. LORENTZEN
STYRELEIAR



ALEXANDER FOSSE ANDERSEN
STYREMEDLEM


ATLE MARØEN
DIREKTØR/FUNGERANDE
DAGLEG LEIAR


NATALIA GOLIS
STYREMEDLEM


FABIAN FRANK DEN OTTER
STYREMEDLEM


FRØYDIS FLOTVE
STYREMEDLEM


RAGNHILD STOLT-NIELSEN
STYREMEDLEM

Noter til rekneskapet for 2016

Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovens avgjerder og god rekneskapsskikk for små foretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utførelsen. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar balanseføre sitt som uopptent inntekt ved salet, og vert deretter inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatføres samtidig med inntekten det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrevet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, og dessutan postar som knyter seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) verta til vurdert lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseføre sitt og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Dersom gjenvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskrivning til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdien av dei framtidige kontantstrømane som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytelser (tilskottsplan). Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringselskap. Årets pensjonspremie resultatføres løpande iht. God rekneskapsskikk for små foretak. Tjenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytelser (tilskottsplan). Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringselskap.

Noter til rekneskapet for 2016

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for sin ideelle virksomheit.

Bruk av estimatar

Leiinga har brukt estimatar og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Note 2 - Bankinnskudd

| | |
|----------------------------------|-------------|
| | 2016 |
| Bundne skattetrekksmiddel utgjær | 560 261 |

Note 3 - Lønnskostnader, antall ansatte, lån til ansatte og godtgjrelse til revisor

| Lnnskostnader | 2016 | 2015 |
|---------------------|-------------------|-------------------|
| Ln | 9 800 567 | 8 715 018 |
| Arbeidsgjevaravgift | 1 557 721 | 1 358 867 |
| Pensjonskostnader | 1 122 899 | 775 120 |
| Andre lnsytingar | 261 254 | 130 322 |
| Sum | <u>12 742 441</u> | <u>10 979 327</u> |

Tidlegare rs teatersjef

Det er utbetalt kr 690 976 i venteln til tidlegare teatersjef, det er gjort avsetningar for dette i tidlegare rs rekneskapar slik at utbetalingane ikkje belastar resultatrekneskapen for 2016. Venteln vert utbetalt i etterlnsperioden p fastsette vilkr.

Teatersjef 2016

Det er utbetalt kr 732 292 i ln til teatersjef i 2016. Andre ytingar utgjær kr 5 405. Tilskott til pensjonsordning utgjær kr 11 472. I 2016 er det gjort nye avsetningar av venteln til teatersjef p kr 227 835 (inkludert arbeidsgjevaravgift). Venteln vert utbetalt i etterlnsperioden p fastsette vilkr.

Direktr / fungerande dagleg leiar

Det er utbetalt kr 843 839 i ln til direktr og noverande fungerande dagleg leiar. Andre ytingar utgjær kr 12 592 . Tilskott til pensjonsordning utgjær kr 13 688.

Lutlaget er pliktig til  ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne loven.

Lutlaget har tenestepensjonsordning som omfattar i alt 30 personar (10 fast tilsette og 20 mellombels tilsette). rets pensjonspremie er resultatfrt lpande i samsvar God rekneskapsskikk for sm foretak. Det er kostnadsfrt kr 1 171 845 (inkludert premie til AFP-ordning) i pensjonspremie i 2016, tilsvarende tal for 2015 var kr 865 002. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av antal opptjeningsr, lnsniv ved oppndd pensjonsalder og storleiken p ytingane fr folketrygda. Forpliktingane er dekt gjennom eit forsikringselskap.

I 2016 inngjekk lutlaget ny pensjonsavtale med dei tilsette. Pensjonsavtala var tidlegare ei tenestepensjonsordning p same vilkr som offentleg tenestepensjon (Ytingsplan). Den nye tenestepensjonsordninga består i  yta bidrag av nrre angjeven storleik til den einskildes pensjon (Tilskottsplan). Kostnadane ved overgang til den nye ordninga er resultatfrt i 2016 .

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapet for 2016

Lutlaget har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning. Denne ordninga omfattar 10 personar i alderen 18 til 61 år. I samsvar med God rekneskapsskikk for små foretak (NRS 8) er har lutlaget valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktingane til AFP-ordninga. Årets pensjonskostnad utgjer kr 138 667 og tilsvarende årets pensjonspremie.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over gjenverande oppteningstid. Det er avsett kr 38 661 i langsiktig forplikting for å dekkja kostnaden. Forventa forplikting ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 510 063.

Godtgjersle til revisor er fordelt på følgende:

| | 2016 | 2015 |
|----------------|---------------|---------------|
| Revisjon | 43 750 | 47 232 |
| Andre tenestar | 10 063 | 6 110 |
| Sum | <u>53 813</u> | <u>53 342</u> |

Merverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 4 - Prosjektkostnad

| | 2016 | 2015 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Leige transport og anna utstyr | 50 717 | 242 235 |
| Scenografi, kostyme, rekvisita | 353 312 | 509 283 |
| Teknisk utstyr | 87 817 | 98 682 |
| Marknadsføring og tunekostnad | 1 404 286 | 644 123 |
| Kunstnarlege/tekniske honorarar | 912 150 | 1 627 622 |
| Anna prosjektkostnad | 383 871 | 4 808 |
| | <u>3 192 153</u> | <u>3 126 753</u> |

Note 5 - Immaterielle eiendeler

| | Goodwill |
|---------------------------------|------------------|
| Tilgang kjøpte eignelutar | 1 700 000 |
| Innkjøpskost 31.12.2016 | 1 700 000 |
| Akk.avskrivning 31.12.2016 | -567 000 |
| Balanseført verdi pr.31.12.2016 | <u>1 133 000</u> |
| Årets avskrivning | 567 000 |
| Avskrivningsplan | Lineær 3 år |

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapet for 2016

Note 6 - Varige driftsmiddel

| | Anlegg under utføring | Sceneutstyr | Transportmidler | Driftsløsøre, inventar, verktøy mm. | Sum |
|---------------------------------------|-----------------------|-----------------------|------------------------|-------------------------------------|------------|
| Anskaffelseskost 01.01. | 0 | 706 611 | 545 000 | 1 377 051 | 2 628 662 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 1 193 213 | 0 | 30 000 | 1 090 448 | 2 313 661 |
| Anskaffelseskost 31.12. | 1 193 213 | 706 611 | 575 000 | 2 467 499 | 4 942 323 |
| Akk.avskrivning 31.12. | 0 | -591 187 | -122 983 | -1 246 227 | -1 960 397 |
| Balanseført pr. 31.12. | 1 193 213 | 115 424 | 452 017 | 1 221 272 | 2 981 926 |
| Årets avskrivning Avskrivningsplan | 0 | 52 846 Lineær 5 år | 81 783 Lineær, 7 år | 328 118 Lineær 3-5 år | 462 747 |

Note 7 – Investeringar i lutar

| Selskap | Anskaff.kost | Bokført verdi |
|----------------|--------------|---------------|
| Kultur Vest AS | 25 000 | 25 000 |
| DnB | 23 265 | 23 265 |
| Sum | 48 265 | 48 265 |

Hordaland Teater LL eig 396 lutar i DnB Nor ASA. Lutane er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr 31.12. Lutane vart tildelt Teateret då gjensidige Forsikring vart omdanna til lutlag.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i en lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

Note 8 - Anna driftskostnad

| Anna driftskostnad, spesifikasjon | 2016 | 2015 |
|-----------------------------------|-----------|-----------|
| Reiseutgifter | 349 310 | 228 522 |
| EDB kostnader | 34 928 | 27 790 |
| Møbler | 10 420 | 8 937 |
| Driftsmateriale | 46 618 | 18 945 |
| Kontorrekvisita | 23 133 | 24 853 |
| Aviser og tidsskrift | 26 627 | 18 108 |
| Internett, media | 12 102 | 34 463 |
| Porto | 124 | -417 |
| Kontingenter | 172 873 | 144 361 |
| Gåver og blomar | 3 172 | 1 499 |
| Møteutgifter, styret | 6 800 | 1 194 |
| Reklamekostnadar | 245 576 | 89 141 |
| Representasjon | 3 324 | 17 897 |
| Kostnader lokala | 2 377 026 | 499 922 |
| Honorar, juridisk | 845 048 | - |
| Andre honorarar | 415 001 | 350 615 |
| Bilkostnadar | 48 018 | 56 075 |
| Anna driftskostnad | 196 054 | 487 199 |
| Sum | 4 816 154 | 2 009 103 |

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapet for 2016

Note 9 - Skatt

Teateret er ikkje skattepliktig for sin ideelle virksomheit.

Note 10 - Leieavtaler

| | | 2016 | 2015 |
|---|--------------------|-----------|---------|
| <i>Selskapet har følgjande lokalar:</i> | Utløpet til avtala | | |
| Leige lokaler | 2038 | 1 890 747 | 200 812 |

Selskapet har inngått ny avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten.

Note 11 - Avsetning for forpliktelser

Driftstilskott er periodisert tilskott frå stat og kommune og resultatføres samtidig med inntekten det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskott er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskott til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil bli inntektsførast i same takt som avskrivning på driftsmidla.

| | 2016 | 2015 |
|--|-----------|------|
| Periodisert tilskott frå stat og kommune | 3 690 117 | 0 |

Note 12 - Andre krav

| | 2016 | 2015 |
|---------------------------------|----------------|----------------|
| Framtidige framsyningskostnadar | 311 730 | 602 534 |
| Depositum | 0 | 48 000 |
| Andre periodiseringar | 177 366 | 80 475 |
| Sum | <u>489 096</u> | <u>731 009</u> |

Note 13 - Anna kortsiktig gjeld

| | 2016 | 2015 |
|-----------------------|------------------|------------------|
| Periodiserte tilskott | 0 | 967 698 |
| Påløpt løn | 263 271 | 827 916 |
| Påløpt ferieløn | 1 097 276 | 941 412 |
| Anna påløpt kostnad | 448 532 | 11 668 |
| Sum | <u>1 809 079</u> | <u>2 748 694</u> |

Periodisert tilskott er i 2016 omklassifisert til langsiktig gjeld, sjå note 11. I 2015 var det klassifisert som anna kortsiktig gjeld.

Note 14 - Pant og garantier

Det er stilt ein bankgaranti på kr 1 000 000 for nye lokaler i Bergen sentrum (Logen).

Lutlaget har som sikkerheit for bankgaranti ein pantobligasjon i driftstilbehør med kr 1 000 000, og ein pantobligasjon knytt til factoringavtalen med kr 1 000 000.

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapet for 2016

Note 15 - Eigenkapital

| | Ordinære lutar | Annan eigenkapital | Sum |
|---------------------|----------------|--------------------|-----------|
| Eigenkapital 31.12. | 100 000 | 1 802 677 | 1 902 677 |
| Eigenkapital 01.01. | 100 000 | 1 802 677 | 1 902 677 |
| Årsresultat | 0 | 1 288 083 | 1 288 083 |
| Eigenkapital 31.12. | 100 000 | 3 090 760 | 3 190 760 |

Note 16 - Selskapskapital og eigartilhøve

Aksjekapitalen består av:

| | Antall lutar | Pålydande | Balanseført |
|----------------|--------------|-----------|-------------|
| Ordinære lutar | 400 | 250 kr | 100 000 |

Oversikt over eigarane i selskapet pr. 31.12:

| | Antall lutar | Eigarandel | Stemmeandel |
|---------------------------|--------------|------------|-------------|
| Hordaland Fylkeskommune | 240 | 60 % | 60 % |
| Vestlandske Teatersenter | 80 | 20 % | 20 % |
| Hordaland Ungdomslag | 20 | 5 % | 5 % |
| Hordaland Folkeakademi | 20 | 5 % | 5 % |
| Hordaland Mållag | 20 | 5 % | 5 % |
| Voksenopplæringsforbundet | 20 | 5 % | 5 % |
| Sum | 400 | 100 % | 100 % |

Note 17 - Tilskot

| | 2016 | 2015 |
|-------------------------|-------------------|-------------------|
| Staten | 12 554 333 | 11 502 000 |
| Hordaland Fylkeskommune | 5 249 667 | 4 929 000 |
| Sum tilskot | <u>17 804 000</u> | <u>16 431 000</u> |

Til generalforsamlinga i Hordaland Teater LL

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Hordaland Teater LL sin årsrekneskap som viser eit overskot på NOK 1 288 083. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2016. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då vi danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det vises til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger> som inneheld omtale av revisor sine oppgaver og plikter.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til anvendelse av overskoteter konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 21.02.2017

Forum Revisjon AS



Eirik Hordvik
statsautorisert revisor

REPERTOAR 2016

SMÅ DØDE DYR

Etter Ulf Nilssons barnebok «Alla døda små djur»

Ein dag finn Ester og veslebroren hennar ei død humle. Dei bestemmer seg for å gravleggje den og lage eit gravferdsbyrå med Verdas Beste Gravferder – for dyr.

Til ei riktig gravferd skal ein bruke: Ein spade, pinne til kors, vakker gravstein, hammar og spiker, små og store esker, pensel og maling, blomster, blomsterfrø og dikt! Og sjølv sagt nokre døde dyr. Dei finn m.a.: Ein hane, ni mus, tre sild og ein svarttrost, som heiter Vesle Far.

Deira leikande univers fører til både jordnære og humoristiske refleksjonar over livet og døden.

| | |
|--------------------------------------|---|
| Dramatisering og musikk: | Robert Parr og Michael Ramløse |
| Omsett av: | John Stavland |
| Regi: | Henrik Steen Larsen |
| Rekvisitt/Kostyme: | Britt Koldal |
| Språkkonsulent: | Helga G. Eriksen |
| Musikalsk konsulent: | Eline Sundal |
| Produksjonsteknisk personell: | Fabian den Otter, Solfrid Glesnes, Britt Koldal, Henrik Hope Hoel, Kristian Børve og Susanna Happonen |
| Medverkande: | Yngve Seterås og Karin Stautland |

Columbine Teaterforlag, Stockholm

Premiere 4. juni 2015 på Hordaland Teater

Framsyningar i 2016: 26 (16 av desse var for DKS Bergen – 8 for DKS Stord, 2 opne framsyningar på Logen)

Tilskodarar 1531

Målgruppe: Frå 3 år

DEI FIRE ÅRSTIDENE

Musikk Antonio Vivaldi

Le quattro stagioni (Dei fire årstidene) er ei samling av fire fiolinkonsertar av komponisten Antonio Vivaldi. Dei vart komponerte i 1723 og er det mest kjende verket til Vivaldi og av dei mest kjende frå heile barokkmusikken. Teksturen i kvart konsertstykk er variert, og kvar av dei representerer ei årstid.

I Hordaland Teater si framsyning er Vivaldis musikkverk gjennomgåande i heile denne ordlause framsyninga. Musikken gjev assosiasjonar til dei ulike årstidene der handlinga i stykket følgjer desse og tek i bruk ulike objekt og rekvisittar for å setje i gong fantasien til barna.

| | |
|--------------------------------------|--------------------------------------|
| Ide, konsept og scenografi: | Trond Birkedal og Ljudmil Nikolov |
| Regi: | Trond Birkedal |
| Med: | Kristian Børve og Ljudmil Nikolov |
| Rekvisittar og kostyme: | Britt Koldal |
| Tekniske løysingar: | Kristian Børve |
| Produksjonsteknisk personell: | Fabian den Otter og Susanna Happonen |

Urpremiere: 5. februar 2015 på Hordaland Teater

Framsyningar i 2016: 4 for DK Spaserstokken. Desse vart spelt på Myrdal Seniorsenter, Håstein Seniorsenter, Ladegården Sjukehjem og Slettebakken menighets eldresenter.

Tilskodarar: 148

EGGET

Av og med Ljudmil Nikolov

Gjennom song, musikk, humor og alvor tek Ljudmil med seg borna til bonden sin gard. Der møter dei hunden, katten, grisen, kua, eit egg og kyllingen.

Dette er ein klassikar frå Hordaland Teater som har gleda svært mange små og store.

| | |
|------------------------------|-------------------|
| Regi: | Trond Birkedal |
| Scenografi og dokker: | Ljudmil Nikolov |
| Teknikar: | Linbjørg Sæterdal |

Premiere 1992 i Stord Kulturhus

Framsyningar i 2016: 27

2 av framsyningane var på asylmottak, 10 for DKBæremeisen i Bergen, 2 på Fjalerfestival i Dale, 4 for Folkeakademiet Hordaland, 2 under Barnas Kulturhelg på Logen, 1 på HIB og 6 framsyningar på turne i Hordaland.

Tilskodarar 1794

Målgruppe: Frå 3 år

REKNEPRINSEN

Av Erna Osland

Eiliv har mor – verdas beste mor. Og likevel vil han ha ein far. Men verdas beste mor er ikkje einig. – Kva skal vi med ein far? seier ho. – Vi har då alltid greidd oss utan. Korleis skal ein gut kunne skaffe seg ein far når mora hans ikkje vil hjelpe til?

| | |
|--------------------------------------|--|
| Regi: | Otto Homlung |
| Scenografi og kostyme: | Bård Lie Thorbjørnsen |
| Lysdesign: | Fabian den Otter |
| Musikalsk ansvarleg og lyd: | Kristian Børve |
| Produksjonsteknisk personell: | Britt Koldal, syar, rekvisittar Cristiano Lopes, sceneteknikar Stephen Lunn, lysteknikar Ingrid Catarina Stasi Skjold, maskør Hjørdis M. Steinsvik, Inspisient |

| | |
|---------------------|---|
| Medverkande: | Reny Marie Gaassand Folgerø, Johanne Fossheim og Per Bogstad Gulliksen |
|---------------------|---|

PREMIERE 19.februar på Storebø skule, Austevoll.

Framsyingar: 26 på turne i Hordaland (18 av desse var for DKS Hordaland, 3 for DKS Stord)

Tilskodarar: 3003

Målgruppe: frå 6 år

BERRE EIN SPØK

Originaltittel: När tågen går forbi

Manusforfatter: Malin Lindroth

Ho er 34 år gamal no. Ho er gift og har to barn. To jenter. Då ho gjekk siste året på ungdomsskulen så skjedde det noko. Noko som ho ikkje kan gløyma. Noko som ho aldri vil gløyma. Ho vert ikkje kvitt minnene. Ho drøymer om det om natta. Men ho kan ikkje snakke om det. Ikkje ein gong med sin eigen mann.

Det er fint å vera ung. Men det er farleg. Dei skulle berre ha det litt moro. Endeleg snakkar ho om det. Ho fortel om det morosame som ho opplevde då ho gjekk i tiande klasse på ungdomsskulen.

| | |
|----------------------------------|-------------|
| Regi: | Arvid Ones |
| Omsetjing og skodespelar: | Irene Waage |

Colombine Teaterforlag

Premiere 9.sept 2015 på Bergen off.bibliotek

Framsyningar i 2016: 4

1 på Meieriet i Odda, 2 i Kulturhuset Husnes og 1 på Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Tilskodarar totalt: 279

Målgruppe: vdg. skole

NAMNET

Av Jon Fosse

Vi følger eit ungt par som dreg heim til hennar foreldre. Jenta er høggravid og dei manglar bustad. «Namnet» er eit drama om kor vanskeleg det er å forstå kvarandre og om lengselen etter at nokon skal bry seg om ein.

Stykket stiller mange spørsmål. Kor langt må det gå før vi får sagt det som ligg oss på hjartet? Er det alltid rett å seie sanninga, om det som har hendt ligg langt tilbake i tid? Er liva våre berre tid som passerer? Gjennom å plassere enkle personar i avgjerande situasjonar seier Fosse noko allment og vesentleg om det moderne mennesket.

| | |
|--|--|
| Regi: | Randolf Walderhaug |
| Scenografi & kostymedesign: | Tormod Lindgren |
| Lysdesign: | Fabian F. den Otter |
| Medverkande: | Irene Waage, Nils Goldberg Mulvik, Oda Alisøy, Katrine Lunde Mackenzie, Geir Amundsen, Kim Kvamme |

PREMIERE 21.sept på LOGEN

Framsyningar på Logen: 16

Tilskodarar: 1327

Målgruppe: Ungdom/vaksne

SINGEL & SAND 2 – da ska bli andre boller...

Av Arvid Ones, Claus Sellevoll og ensemblet

«Singel & Sand» vart ein heidundrande suksess då stykket vart spelt ved Hordaland Teater i 2005. No er vi klare med oppfølgjaren «Da ska bli andre boller». Her blir du teken med på krambua og bedehuset, med åresal, kaffe og «juleskjeva», til tida då Salhuskvintetten blei popstjerner over natta. Gjennom songane til Monrad Holm Johnsen og Josef G. Larssen, kombinert med lune forteljingar og muntre sketsjar, viser vi brotstykket frå dagleglivet på Vestlandet. Slik det var, og slik det framleis kan vera. Strilekulturen var og er full av skarpe profilar. I denne forestillinga, som like sjølvsgagt påkallar gapskratt som ettertanke, kjem vi tett på dei frodige karakterane, dei klassiske situasjonane og dei typiske møteplassane.

| | |
|--|--|
| Musikk og songtekstar: | Monrad Holm Johnsen og Josef G.Larssen m.fl. |
| Instruktørar: | Ones & Erdal |
| Koreografi: | Hilde Sol Erdal |
| Scenografi, kostyme og rekvisittar: | Britt Koldal |
| Inspisient: | Britt Koldal |
| Lysdesign: | Arne Kambestad |
| Lysteknikar: | Jon Eirik Sira |
| Lyddesign: | Eilif Stene |
| Lydteknikar: | Kristian Børve |
| Medverkande: | Yvonne Algrøy, Helga Golten, Cato Jensen og Claus Sellevoll |
| Orkester: | Harald Dahlstrøm, Mads Eriksen, Frank Hovland, Magne Trengereid |
| Vikarar: | Gunnar Bjelland, Halvor Folgerø, Arild Seim |

URPREMIERE 17 nov.2005 på Ole Bull Scene

Nypremiere 3.november 2016 på LOGEN

Framsyningar: 28

Tilskodarar: 9101

Målgruppe: Vaksne

GJESTESPEL:

SÅ VAKKER DU ER

Av Brynjulf Jung Tjønn

Gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater

Dramatisering og regi:

Miriam Prestøy Lie

Musikk:

Thea Hjelmeland

Scenografi og kostyme:

Dagny Drage Kleiva

Videodesign:

Åsmund Bøe

Medverkande:

Thea Hjelmeland, Idun Losnegård,
Kyrre Eikås Ottersen, Petter Winther

2 framsyningar på Logen 23. januar

Tilskodarar: 234

VILDANDEN

Av Henrik Ibsen

Gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater

Regi:

Øystein Ulsberg Brager

Scenografi:

Margrete Eskedal

Medverkande:

Reidun Melvær Berge, Yngve Berven,
Kai Kenneth Hanson, Idun Losnegård,
Kyrre Eikås Ottersen

2 framsyningar på Logen 16 april

Tilskodarar: 138

ROSE

Med Kirsten Bråten Berg, Anders Røine og Gabriel Fliflet

Tre av våre beste folkemusikarar med songar av Robert Burns til ny, melodios musikk av Gabriel Fliflet. Rose var tinga til Vossajazz 2016.

Konsert på Logen 23. oktober

Tilskodarar: 91

SAMARBEIDSPRODUKSJON:

LAMPEFEBER

Helge Jordal – ein jubileumsframsyning

| | |
|---------------------------------------|---|
| Tekst: | Morten Lorentzen |
| Musikk: | Jan Eggum |
| Regi: | Lasse Kolsrud |
| Kapellmeister, trekkspel: | Heine Bugge |
| Treblåseinstrument: | Michael Barnes |
| Perkusjon: | Frank Jacobsen |
| Sufflør: | Mona Karstensen |
| Scenesjef/inspisient: | Dag Ove Sunde |
| Fotograf: | Hans Fredrik Asbjørnsen |
| Lyddesign: | Ståle Fylkesnes |
| Lydteknikar: | Jørgen Iden |
| Lysdesign: | Martin Flack |
| Lysteknikar: | Vidar Glesnes |
| Lydstudioarbeid: | Kristian Børve |
| Rekvisittar: | Britt Koldal, Marte Synnevåg |
| Formidling av sjukehusrekvisittar: | Lilly Vinje & Anja Reinholtsen |
| Filmregi: | Jørgen Rusten Nanbjør & Jon Lie (Rusten-spiker Film) |
| Filmprodusent: | Natalie Homdrom |
| Filmfoto: | Magnus Forsjord Tovsen |
| Assistent: | Malene Pedersen Dale/Espen Rosendahl Johnsen |
| Film-makeup: | Antonie Lovise Endresen |
| Filmlyd: | Fredrik Seland |
| Filmstatistar: | Bergitte Ellingsen Ohm/Katrine Heggstad Øystein Nordvik/Ernst Andreas Nordvik Hanne Therese Skjervheim/Sophie Stordal Skjervheim Julie Buer/Marte Fløien |
| Artwork: | Artgarden |

Produsert av HiHat Management & Bergen Live i samarbeid med Hordaland Teater

PREMIERE 17.februar i LOGEN: 20

Framsyningar: 20

Tilskodarar: 6096

STATISTIKK 2016

| VÅR 2016 | FRAMSYNINGAR TILSKODARAR | |
|------------------------|---------------------------------|--------------|
| SMÅ DØDE DYR | 26 | 1531 |
| REKNEPRINSEN | 26 | 3003 |
| BERRE EIN SPØK | 4 | 279 |
| DEI FIRE ÅRSTIDER | 4 | 148 |
| EGGET | 6 | 542 |
| Samarbeid: | | |
| LAMPEFEBER | 20 | 6096 |
| Gjestespel: | | |
| SÅ VAKKER DU ER | 2 | 234 |
| VILDANDEN | 2 | 138 |
| SUM VÅR | 90 | 11971 |
| | | |
| HAUST 2016 | | |
| NAMNET | 16 | 1327 |
| EGGET | 21 | 1252 |
| SINGEL OG SAND | 28 | 9101 |
| Gjestespel: | | |
| ROSE | 1 | 91 |
| SUM HAUST | 66 | 11771 |
| | | |
| SUM VÅR | 90 | 11971 |
| SUM HAUST | 66 | 11771 |
| | | |
| SUM TOTALT 2016 | 156 | 23742 |

PERSONALET

FAST TILSETTE/ ÅRSENGASJEMENT:

| | |
|--------------------------|---|
| Terje Lyngstad | teatersjef |
| Atle Marøyen | direktør |
| Irene Smørdal | sals- og informasjonssjef |
| Solfrid Glesnes | produksjonsleiar/inspisient (permisjon frå 1.7) |
| Vilde Østerbøe Gustavsen | produksjonsleiar/inspisient (vikar frå 1.8) |
| Fabian den Otter | teknisk leiar |
| Linbjørg Sæterdal | kontorsekretær |
| Ljudmil Nikolov | figur-/skodespelar |
| Britt Koldal | systove |
| Kristian Børve | lydteknikar |
| Cristiano Mira Lopes | scenearbeidar |
| Jon Eirik Sira | teknisk (engasjement frå 1.8) |

PROSJEKT:

SKODESPELARAR:

Yngve Seterås
Karin Stautland
Irene Waage
Oda Alisøy
Katrine Lunde Mackenzie
Kim Kvamme
Geir Amundsen
Nils Goldberg Mulvik
Reny Marie Gaassand Folgerø
Per Bogstad Gulliksen
Johanne Fossheim
Helge Jordal
Yvonne Algrøy
Helga Golten
Cato Jensen
Claus Sellevoll

TEATERINSTRUKTØRAR:

Henrik Steen Larsen
Otto Homlung
Trond Birkedal
Arvid Ones
Hilde Sol Erdal
Lasse Kolsrud
Randolf Walderhaug

SCENOGRAFAR/KOSTYME/DOKKER:

Bård Lie Thorbjørnsen
Tormod Lindgren
Britt Koldal
Trond Birkedal
Ljudmil Nikolov
Marte Synnevåg
Ingri Catarina Stasi Skjold

INSPISIENTAR:

Dag Ove Sunde
Britt Koldal
Hjørdis M. Steinsvik

FORFATTARAR:

Erna Osland
Arvid Ones
Claus Sellevoll
Jon Fosse
Ulf Nilsson
Malin Lindroth
Morten Lorentzen

DRAMATURGAR:

Robert Parr
Michael Ramløse

OMSETJING

John Stavland
Irene Waage

MUSIKALSK KONSULENT:

Eline Sundal

MUSIKKARRANGEMENT:

Kristian Børve

Tove Kragseth

Singel & Sand-ensemblet

MUSIKARAR:

Harald Dahlstrøm

Mads Eriksen

Frank Hovland

Magne Trængereid

Gunnar Bjelland

Halvor Folgerø

Arild Seim

LYSDESIGN:

Fabian den Otter

Arne Kambestad

Martin Flack

LYDDESIGN:

Mathias Grønsdal Johannessen

Ståle Fylkesnes

Eilif Stene

PRODUKSJONSTEKNISK PERSONELL:

Mathias Grønsdal Johannessen

Sigve Sælensminde

Martin Flack

Kristian Børve

Fabian den Otter

Millan Persdotter Persson

Linda Børnes

Tina Engedal

Britt Koldal

Jon Eirik Sira

Cristiano Lopes

Linbjørg Sæterdal

Stephen Lunn

STYRET

Styret i Hordaland Teater har i 2016 hatt 10 styremøte. Til saman har 77 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halden 25. april 2016 på Stend. Omfram generalforsamling vart halden 7. oktober 2016 på Stend.

Styresamansetjing etter Generalforsamlinga 2016:

| | | |
|--------------------------|-----------------------|--------------------------------------|
| Birthe Eriksen | Styreleiar | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Dag Rune Mo | Styremedlem/nestleiar | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Natalia Golis | Styremedlem | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Alexander Fosse Andersen | Styremedlem | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Vivian Midtsveen | Styremedlem | Representant andre eigarar |
| Fabian den Otter | Styremedlem | Representant tilsette |
| Astrid Aarhus Byrknes | Vara | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Geir Kjell Andersland | Vara | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Frøydis Flotve | Vara | Representant andre eigarar |
| Britt Koldal | Vara | Representant tilsette |

Teatersjefen har møtt på styremøta. Sekretær for styret er direktøren.

Styresamansetjing etter omfram Generalforsamling 2016:

| | | |
|--------------------------|-------------|--------------------------------------|
| Pål W. Lorentzen | Styreleiar | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Ragnhild Stolt-Nielsen | Styremedlem | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Alexander Fosse Andersen | Styremedlem | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Natalia Golis | Styremedlem | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Vivian Midtsveen | Styremedlem | Representant andre eigarar |
| Fabian den Otter | Styremedlem | Representant tilsette |
| Astrid Aarhus Byrknes | Vara | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Geir Kjell Andersland | Vara | Representant Hordaland Fylkeskommune |
| Frøydis Flotve | Vara | Representant andre eigarar |
| Britt Koldal | Vara | Representant tilsette |

EIGARTILHØVE:

| | |
|---------------------------|-----------|
| Hordaland Fylkeskommune | 240 luter |
| Vestlandske Teatersenter | 80 luter |
| Folkeakademiet Hordaland | 20 luter |
| Hordaland Ungdomslag | 20 luter |
| Hordaland Mållag | 20 luter |
| Voksenopplæringsforbundet | 20 luter |